

Får byggja fritidsbustad

18.03.2010

Kommunen har no gjeve Byggpartner Kvinnherad (Frode Bu) løyve til å byggja fritidsbustad for Svein Ove Næss på Ytre Eik.

Bustaden får eit bruttoareal på 85 kvadratmeter.

Administrasjonen rår til at støyskjerming vert utført i tråd md støyvurdering frå Kilde Akustikk AS som vart foreteke i september i fjor.

Det vert ikkje gjeve bruksløyve for bygget før vatn og avløp er ferdig fram til eigedomen.

Naboar og gjenbuarar er lovleg varsla og det ligg ikkje føre protestar.

Det vart først søkt om å få byggja med ein takvinkel på 45 grader, medan den 6 år gamle reguleringsplanen seier at vinkelen skal vera mellom 24 og 32.

Forvaltningsskomiteen gjekk her samrøystes i mot dispensasjon slik at det blir lempa på kravet til takvinkel. Men under møtet vart det peika på at det er varierende takvinklar i området..